

## Møteagenda

Dato: 14.09.2020	Type møte: Drøftingsmøte/avklaringsmøte
Tid og stad: 12.00 – 13.00. Microsoft Teams	Møteleiar: Ole Martin Bolset
Bakgrunn: Drøfte og avklare innkomne uttalar til varsel om oppstart av detaljregulering Øvre Tveiten.	Til stades: Alver kommune v/ Ole Martin Bolset og Lennart Falkenberg-Arell. ProESS As v/ Maria Skylstad og Sindre Øen. Vestland Fylkeskommune v/ Tone Bøyum og Hege Løvteit. Statens vegvesen v/ Ingelin Garen og Frode Aarland Moen.

### Detaljregulering Øvre Tveiten – Gnr 138 Bnr 25 og 14, Alver kommune.

Det er knytt usikkerhet til fleire av krava som er stilt i tilbakemeldinga frå Statens vegvesen ved varsel om oppstart for detaljregulering ved Øvre Tveiten.

#### Punkt for gjennomgang:

1. Fråvik frå krav om felles planlegging.
  - o Det vart satt krav om at o\_SGS1 langs heile o\_SKV2 vert innbefatta i planområdet. Ønsker å diskutere om det vil vere naudsynt å regulere o\_SGS1 heilt ned til fylkesvegen, eller om det held å regulere ned til krysset til o\_SKV7. Delar av BOP1 er ikkje tatt med i planområdet, vi tolkar at det ikkje er satt krav om å ta med heile BOP1.

#### Diskusjon:

Spørsmål om kor stor del av o\_SGS1 som er innbefatta i sone for felles planlegging vart stilt. SVV påpeikar at det er åpenbart at o\_SGS1 skal vere med under felles planlegging då dette står anført i føresegna. Alver kommune viser til fleire soner som i kartet er merka som o\_SGS1, og søkte etter svar på kva delar som vil vere befatta i sone for felles planlegging. Det verkar som det er feil i plankart når det kjem til sone for felles planlegging. SVV står på uttalen, om at o\_SGS1 langs heile o\_SKV2 ligg i sone for felles planlegging.

SVV presiserte at tanken bak å ta med o\_SGS1 i sone for felles planlegging, var å sikre nok areal til framtidig utviding, samt eit heilhetlig og uniformt gang- og sykkeltilbod.

VLFK viser til at ein burde ta med heile BOP1 i sone for felles planlegging, for å kunne dimensjonere veg og tilkomst til tenkt situasjon, samt sikre byggegrense til dette området. SVV og VLFK er samde i at detaljregulering må sikre tilkomst til både B1 og BOP1.

Alver kommune viser til at endeleg plangrense vart beslutta i planutvalget i Lindås. Begrunninga for å ikkje ta med heile BOP1 var at det ikkje lenger var konkrete planar eller forslag til korleis ein ønskte å nytte tomte. Det var tidlegare tenkt å planlegge for ein barnehage i området, men kommunen har gått vekk frå dette. SVV påpeikar at denne avgjerla ikkje har vore sendt til uttale hjå dei, og denne varselen om oppstart av reguleringsplanarbeid, er det første dei ser til at denne sona for felles planlegging er brutt.

Alver kommune påpeikar at dagens situasjon med fortau langs fylkesvegen er tilfredsstillande. Og viser til at o\_SKV2, o\_SKV6 og o\_SGS1 er regulert som eksisterande situasjon. SVV og VLFK forklarar at sona for felles planlegging er lagt for dette området, slik at ein ved detaljregulering kan regulere til tilfredsstillande situasjon for området i sin heilhet.

Moglegheit for å «flateregulere» BOP1, i ein situasjon der kommunen ikkje er sikre på kva ein har tenkt å nytte området til, men sikre byggegrense og tilkomst vart tatt opp. SVV og VLFK meiner dette ikkje er ei god løysing, og ønsker at detaljreguleringa skal innehalde flest mogleg detaljar for korleis området er tenkt nytta.

SVV meiner Alver kommune må ta eit steg tilbake, og vurdere plangrensa på nytt.

Alver kommune og ProESS tar tilbakemeldinga til seg, og skal på nytt sjå på plangrensa.

2. Det bør innarbeidast rekkjefølgjekrav om at gang- og sykkeltilbudet frå planområdet mot skulen må opparbeidast før igangsetting av boligbygging.

- I områdereguleringsplanen for Alversund er o\_SGS1 og o\_SKV2 regulert fultilsvarende eksisterande situasjon. Alver kommune meiner eksisterande situasjon med fortausbreidde som varierar frå 2.60 m til 3.30 m er god nok, og at det difor ikkje vil vere aktuelt å sette rekkjefølgjekrav til opparbeiding av nytt tilbod.

Diskusjon:

Alver kommune stil spørsmål til bruken av ordet «bøn». Er det tenkt frå SVV at dagens tilbod er godt nok. SVV vil at plankonsulent skal i trafikkikkerhetsvurderinga beskrive om dagens tilbod er tilfredsstillande. VLFK er samd med SVV, men påpeikar at gang- og sykkelvegen må ha ein uniform standard, og ikkje ein varierande standard. SVV og VLFK seier at rekkjefølgjekrav for GS-veg er naudsynt. Planarbeidet må eventuelt avklare innslagstidspunkt.

Alver kommune ytra bekymring for om rekkjefølgjekravet er forholdsmessig, når det allereie er opparbeida eit tilbod.

### 3. Areal til Fv. 5476.

- Om valet fell på å legge inn 35 meters byggegrense, og ein vel å ikkje regulere fv. 5476 i dette planarbeidet. Vil det då vere hensiktsmessig å regulere ein GS-veg langs ein fylkesveg med lav standard, der ein krev å sette av areal til ein eventuell vegutviding? GS-veg vil mest sannsynleg verte omregulert i framtidig planarbeid ved ein eventuell vegutviding og mogleg endring av veglinje.

#### Diskusjon:

Alver kommune stil spørsmål til kvifor ein skal regulere ein GS-veg, om ein vel å legge inn ei 35m byggegrense. SVV viser til at denne situasjonen tilseier at ein burde regulere heile vegsystemet.

ProESS stil spørsmål til finansiering frå VLFK. SVV eller VLFK kan ikkje seie noko om finansiering, men viser til at ein ferdig reguleringsplan kan spelast inn til midlar frå byvekstavtalen.

SVV påpeikar at dagens standard og behovet for utbetring av vegssystemet ved utbygging må skildrast grundig i planomtalen. VLFK påpeikar at i krysset mellom o\_SKV6 og o\_SKV2 i områdeplanen, skal skuleborn krysse vegen. Ein må tenke på ferdig situasjon, men og konsekvensar i prosessen ved utbygging av området med tanke på tungtransport og arbeidsaktivitet. Ein må ha særleg fokus på mjuke trafikantar, og varsla planavgrensing kan ikkje akseptast.

### 4. Om ein vel å regulere fylkesvegen.

- Ein treng konkrete vegbredder og andre detaljar som lyt regulerast inn. Kor stor vert byggegrensa innanfor byggeområdet, målt frå senterline fylkesveg, om dette vert regulert?

#### Diskusjon:

Alver kommune stil spørsmål til samarbeid med VLFK om ein vel å regulere fylkesvegen. SVV har erfaring med at private regulerer fylkesveg. Ein har møter undervegs før offentleg ettersyn. Og målet er å ha ein omforent løysing på fylkesveg før ein sender planen til førstegongshandsaming hjå kommunen.

SVV påpeikar at avvik frå N100 må skildrast, og ein må sende avvikssøknad til VLFK så tidleg som mogleg.

### 5. Trafikksikkerhetsvurdering.

- Kva nivå tenkjer ein når ein set krav om trafikksikkerhetsvurdering? Er det tenkt ei vurdering som kan gjerast av konsulentselskapet, eller må det inn ei vurdering frå konsulent med spesiell kompetanse innan trafikksikkerhet?

#### Diskusjon:

Alver kommune spør om SVV har sett for seg at ein må hyre inn fagfolk innanfor trafiksikkerhet, for å utarbeide ei trafiksikkerhetsvurdering. SVV svarar at om ProESS ikkje har nokon som til vanleg jobbar med vurdering av trafiksikkerheit, må dei knyte på seg den kompetansen.

Anna:

ProESS spør om ein har kontaktpersonar hjå VLFK og SVV. Sidan dette er fylkesveg, vil mesteparten av samarbeidet vere med VLFK.

Kontaktperson hjå VLFK: Tone Bøyum.

Kontaktperson hjå SVV: Ingelin Garen.

Samanfatta:

- VLFK og SVV meina at B1, BOP1 og heile Skarsvegen med sykkelveg/fortau burde planleggast i eitt. Dagens planavgrensing er ikkje akseptabel.
- VLFK meiner at utforming av rekkefølgekrav må vurderast utifrå kva som kjem fram av trafiksikkerheitsvurderinga. Dvs dagens tilhøve kontra naudsynt behov for utbetringar ved regulering av B1 og BOP1.
- Alver kommune må ta stilling til kva framtidig prosjekt som kan etablerast innanfor BOP1, på bakgrunn av den tilbakemeldinga skal føringar for regulering av BOP1 setjast.
- Alt av vegsystem skal planleggjast etter N100 (R700 skal leggjast til grunn for prosjektering). Eventuelle avvik frå N100 opp mot planlagd løysing må vurderast i planmaterialet og søknad om avvik skal sendast til VLFK/SVV.